

Rapport BrassWind 2014

Rekneskapen er no avslutta og her er rapport for gjennomføring av BrassWindfestivalen 2014. Det har vore veldig utfordrande for festivalen å fullføre rekneskapen då enkelte involverte partar har vore svært utfordrande å arbeide saman med. Dette er forklaringa på at rapporten kjem Hordaland fylkeskommune i hende så seint.

Festivalen vart arrangert i henhold til det skisserte programmet, med nokre endringar.

Fredag 26. september opna Sjøforsvarets musikkorps festivalen med dirigent Ingar Bergby. Tre urframføringar stod på programmet med verk av Torstein Aagaard-Nilsen, Jostein Stalheim og Rebecka Ahvenniemi. Det Norske Blåseensemble med dirigent Geir Lysne avslutta fredagen i Logen med verk av Eivind Buene, Into the Void. På dette verket hadde DNBE med seg improvisasjonstroen POING, beståande av Frode Haltli, Rolf-Erik Nystrøm og Håkon Thelin.

Laurdag 27. september starta med opningsseremoni for store instrument. På denne konserten medverka Camilla S. Tveit, Eirik Gjerdevik og Manger Folkehøgskule. Konsertdagen fortsette med Rolf Borch på bassklarinett og tubakvartetten Ultrasound før den amerikanske verdskjende tubakvartten Sotto Voce overtok stafettpinnen. DNBE tok oss inn i Zappa's magiske verd laurdagskveld med musikk frå den kritikarroste plata deira: «The Brass from Utopia – A Frank Zappa Tribute». Laurdag vart avslutta med det lokale Bergensbandet Ohio.

BrassWind skulle opprinnleig avsluttast sundag 28. september på heimebane i Manger kyrkje. Dette kunne diverre ikkje la seg gjere då festivalleiinga vart underretta av kyrkja sine medarbeidarar om utfordringar med kyrkja sin strukturelle integritet. Dette medførte ein risiko for avlysing om veret var dårleg på konsertdagen. Festivalleiinga beslutta difor å flytte sundagen til Bergen og den nye kultursalen på Høgskolen i Bergen, Mimes Brønn.

På denne konserten vart det eit gjensyn med tubakvartetten Ultrasound før det var eigarane av BrassWind, Manger Musikklag som fekk gleda av å avslutte sin eigen festival. På denne konserten vart det urframført eit verk av Geir Sundbø. BrassWindfestivalen sin kunstariske leiar, Torstein Aagaard-Nilsen vart også overraska med å bli utnemnd til nytt æresmedlem av Manger Musikklag. Denne utmerkinga fekk han i stor grad på grunn av hans engasjement for BrassWind som han var med på å starte tilbake i 2004.

Festivalen sine åtte konserter gav totalt seks urframføringar og ca 600 publikumarar var innom festivalen.

Den vedlagde rekneskapen viser eit underskot på 12 955,-. Kulturrådet bidreg med totalt 100 000. Dei siste 20 000,- kjem etter at me har rapportert til dei, så festivalen har reelt sett eit overskot på 7 045,-.

For BrassWind,

Håvard Skutle,

Festivalsjef